

Rådmannen sin rapport –

Pr. 2. tertial 2015

*Pr. 29.10.2015 (oppdaterte tal for januar – august)
Fråværsdata er pr. juni (2.dre kvartal)*

Generelt om tertialrapporten

Tertialrapportering – bakgrunn

Tertialrapporten er meint som ein avviksrapport. Det som ikkje blir kommentert må ein rekne med er under kontroll. Politikarane treng ikkje vite at administrasjonen og dei tilsette gjer jobben som dei er sett til å gjere, men må vite når det «lugger», kva som blir gjort lokalt for å rette opp og kva som ev. må gjerast noko med politisk.

Tertialrapporten er utarbeidd på eit så grovt nivå som mogeleg.

Tertialrapportering – oppbygging

Rapporten er ein rein avviks-rapport, der avdelingane får høve til å rapportere det som dei sjølv ser som vesentlege avvik i høve til:

- Fråvær (vi har endra frå nærvær til fråvær)
- økonomi
- drift

og som er av ein slik art at Kommunestyret bør bli kjent med dei.

Tertialrapportering som ledd i anna rapportering

Oppbygginga av tertialrapporten finn ein att også i anna rapportering til kommunestyret. Det vil likevel vere ei litt anna gradering av kva som er «alvorleg» avvik i ei årsmelding enn i ein tertialrapport. Ei årsmelding synar historie og kan ikkje føre til endringar for perioden som det blir rapportert for. Ein tertialrapport vil gje signal om avvik der ein framleis kan gjere justeringar for å rette opp avvika. Dess lengre ut i året tiltak blir sett i verk, dess mindre effekt vil tiltaka ha.

Tertialrapporten – måloppnåing

Rådmannen ynskjer å legge til rette for at mål blir meir klare og meir konkrete slik at ein kan rapportere når målet er nådd. Det er og blir viktig å kunne skilje mellom mål og verkemiddel. Her er Gol kommune for dårlege generelt.

Fråvær

Kommunane sine kostnader er i stor grad lønsbaserte. I ein skilde avdelingar er over 80 % av kostnadene relatert til løn og kostnader knytta til løn. Eit fråvær vil ha forskjellige konsekvensar frå dårlegare kvalitet og produktivitet i ein skilde avdelingar til høgare kostnader ved overtid, vikarinnleige og ekstrahjelp i andre avdelingar som må ha 24/7-tenester. I tillegg vil det kunne få konsekvensar for brukar. Tiltak som reduserer fråvær vil difor vere vel anvendte pengar.

Økonomi

I utgangspunktet skal ein kommune nytte dei tildelte pengane til beste for brukarane og innanfor vedtekne mål for verksemda. Ein kommune er budsjettstyrt og ein kan ikkje nytte meir pengar enn ein har budsjett, jfr. [budsjettvedtaket sitt punkt E \(K-sak 82/2014\)](#).

Løn er som nemnd over den største utgiftsposten. Andre utgifter er lettare å kontrollere, men desto lågare i organisasjonen tilsette kan gjere innkjøp, desto større blir avstanden til budsjett og budsjett-disiplin. Avdelingane har store fullmakter til å styre tidspunktet for eit innkjøp sjølv, noko som er viktig for å unngå detaljstyring.

Nokre store inntekter veit vi ikkje før februar året etter og desse er kritiske for kommunen si verksemd.

Fokuset i kvartalsrapporten er netto-utgift, slik Gol kommune har budsjettert og rapportert dei seinaste åra. Dette er ikkje nødvendigvis det beste for å få kontroll med kostnadene.

Drift

Med drift meinast dei oppgåvene vi er sett til å løyse innafor budsjett. Her vil ein i utgangspunktet rapportere på måla som er sett – mengde, kvalitet, lovmessige krav, om ein har nådd fristar osb.

Rådmannen legg vekt på at kvartalsrapporteringa skal gje signal om kva for mål som er kritiske for den einskilde verksemd og som kommunestyret må vite om. Nokre mål kan ein utsetje fleire månader utan særlege konsekvensar, andre kan ein ikkje utsetje ein dag utan kritiske konsekvensar.

I dei aller fleste tilfelle blir måla nådd som meint og planlagt. Rådmannen reknar dette som sjølvsgt og er takksam for alt arbeid som blir lagt ned av alle tilsette for å nå måla. Men kommunestyret skal som tidlegare nemnd ikkje behøve å få rapport over det vi har gjort. Kommunestyret skal få orientering om det administrasjonen og verksemdene ikkje har fått utretta (ev. det ein har fått utretta meir enn målet), årsaka til dette (kort), eiga vurdering av kor alvorleg dette avviket er i høve til måla og om avdelinga kan ordne avviket sjølv. I tillegg blir det orientert om spesielle hendingar (endring innan og mellom brukargruppene) som vil vere viktig å informere om så tidleg som mogeleg.

Mål

Gol kommune sin Kommuneplan for 2008 – 2020 – samfunnsdelen – er ein god plan med mange, store mål. Nokre avdelingar har fått endra sine mål i perioden, medan andre har same mål som for 7 år sidan.

Kommunestyret har gjennom sitt vedtak om bygging av ny skole også vedteke at ein må gjere reduksjonar i anna drift. Rådmannen har gjennom fleire prosessar forsøkt å få både administrasjon og politisk apparat til å konkretisere mål og sjå etter andre måtar å løyse oppgåvene på. Økonomiplanen legger opp til omprioriteringar av drifta for fleire millionar. Då må vi tenke store tankar. Ein kan ikkje rekne med at alle tilbod vil eksistere i si noverande form.

Hovudpoenget er; Gol kommune vil ikkje kunne makte satsinga på skolesektoren utan reelle grep i form av reduserte tilbod andre stader. Det verker vanskeleg å ta inn over seg både administrativt og politisk, men dess raskare ein tek naudsynlege grep dess mindre dramatisk blir konsekvensane for brukarane.

Innhold

for å komme attende til innhald – klikk øvst til høyre på linken)

1. Oppfølging av vedtak
 - A. [Kommunestyret](#)
 - B. [Formannskapet](#)
 - C. [Utval for kultur og levekår – UKL](#)
 - D. [Utval for natur og næring - UNN](#)

2. [Fråvær - avvik og tiltak](#)

3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak
 - a. [Løn](#)
 - b. [Andre kostnader](#)
 - c. [Inntekter inkl. frie inntekter](#)
 - d. [Renter og avdrag](#)
 - e. [Investeringer](#)
 - f. [Fond – bruk og avsetning](#)
 - g. [Balanse – utestående fordringer](#)

4. [Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak](#)

5. [Personalforhold og HMS](#)

6. [Spesielle hendingar og informasjonar](#)

Vedlegg:

- A. [Økonomisk status – totalt for heile kommunen – hovudart](#)

1. A - Oppfølging av vedtak i kommunestyret

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Frå 2014:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
58/2014	Reguleringsplan for område K-B4 og K-N1 (Eidsgaard) - 2. gongsbehandling og sluttvedtak i kommunestyret	Føresegner om forsyning av vassbåren varme, rekkjefølgjeføresegn om støyanalyse, nedsett fartsgrense
75/2014	Idrettshall - vidare framdrift	Avklare ekstern finansiering innan 10.2.2015, sak til kommunestyret om eigarform og finansiering innan 24.3.2015
77/2014	Lokalmedisinske tenester Hallingdal - Samhandlingsleiar, felles folkehelsekoordinator og kompetanse-/lærings- og mestringskoordinator	Finansierast delvis av Gol kommune, ikkje med i budsjett 2015. Må takast med i Budsjettjustering 2015

2015:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Februar-møtet – 03.02.2015		
1/2015	Oppretting av heimel i fysioterapitenesta	
2/2015	Revidert samarbeidsavtale om Hallingdal barnevernsteneste	
3/2015	Godtgjering til leiar, nestleiar og medlemmer av plan- og byggenemnd frå 1. januar 2015	
4/2015	Høyring - overføring av skatteinnkrevjing til Skatteetaten	
5/2015	Låneoptak Startlån	
6/2015	Val til styret i Gol skysstasjon	
Mars-møtet 1 – 03.03.2015		
7/2015	Administrativ ressurs ny skule i Gol - Struktur skule og kultur	
8/2015	Skagahøgdi fjellgrend - 2. gangs behandling og sluttbehandling	Føresegner før behandling av byggesøknad
9/2015	Val av barnerepresentant	
Mars-møtet 2 – 24.03.2015		
10/2015	Permisjonsreglement - revidering	
11/2015	Idrettshall Hallingmo - eierstruktur - anbudsutsending	Diverse opsjoner, vedtak om bygging seinast 16. juni 2015 - avklaring av plassering skøytebane seinast 16. juni
12/2015	Totteskogen rulleskianlegg - ny søknad frå Hemsedal IL	Føresetnader, ev. finansiering av disposisjonsfond
13/2015	Friluftslivets år 2015 - invitasjon til å bli en Friluftslivets år - kommune	
14/2015	Byggerekneskap - Vesterhuset barnehage	Overskriding skal dekkast ved bruk av disposisjonsfond

Sak	Saka gjeld		Årsak til avvik/kommentarar
Mai-møtet – 19.5.2015			
15/2015	Reguleringsplan - del av Petterbråten B2 - 2.gangs behandling og sluttbehandling		
16/2015	Søknad om salsløyve for alkohol - Torp Dagligvare AS		
17/2015	Fastsetjing av gebyr for sal av alkoholhaldig drikk 2015		
18/2015	Fastsetjing av gebyr for skjenking av alkoholhaldig drikk 2015		
19/2015	Sal av kommunale formålsbygg		
Juni-møtet – 16.6.2015			
20/2015	Administrasjonsstruktur i Gol kommune		Adm. Må utarbeide adm. struktur til kommunestyret innan 1.1.2016
21/2015	Felles leing for Breidokk og Hallingmo barnehage som ein fast ordning frå august 2015		
22/2015	Alternative konsekvensar med bakgrunn i redusert søking på barnehageplassar frå august 2015		
23/2015	Bosetting av flyktningar i 2015		Adm. Må utarbeide sak
24/2015	Arbeidsmiljøloven - hvordan skal Gol kommune følge opp endringene i 2015		Adm. Må utarbeide sak før sommer 2016
25/2015	Bygg og drift - Gol Byggdrift KF - overføring av prosjekt frå 2014 - 2015		
26/2015	Trafikksikkerhetsplan Gol kommune 2015 - 2018 - sluttbehandling		Ny behandling
27/2015	Alternativ adkomst fra vest til Gol skole		
28/2015	Reguleringsplan for deler av Storøyne og Pers Resort - ny 2.gangsbehandling og sluttbehandling		
29/2015	Kommunestyrets innspel til Buskerud fylkeskommune sitt utkast til Regional plan for kunnskapssamfunnet 2016 - 2020		
30/2015	Gol Byggdrift KF - Årsrekneskap 2014		
31/2015	Årsmelding 2014 - Gol kommune		
32/2015	Årsrekneskap 2014 - Gol kommune		
33/2015	Disponering av årsresultat 2014		
34/2015	Årsmeldingar og årsrekneskap for interkommunale samarbeidsorgan og tiltak 2014		
35/2015	Idrettshall - resultat av anbodskonkurranse		Anbodskonkurranse avlyst – ny utlysing (saka utsett i september)
36/2015	Sal av kommunale bustader		
37/2015	Søknad om serveringsløyve og skjenkeløyve Cafe Ceylon		

1. B - Oppfølging av vedtak i formannskapet

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Frå 2014:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Mai-møtet – 07.05.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
19/2014	Finansiering av ny veg frå RV7 til Gol sentrum	Bør ha budsjettsak
Juni-møtet – 05.06.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
30/2014	Bustader og velferd	Skal vurderast i samband med handlingsplan 2015 – 2018. Adm. skal utarbeide politisk sak med forslag til avhending av kommunale bustader samt utarbeide saker med forslag til etablering av eigna bustader for vanskelegstilte i kommunen.
August-møte 2 – 28.08.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
38/2014	Sal av tomt i Kristenbråten boligfelt	Arbeidet er satt i gong

2015:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Januar-møte – 23.1.2015		
1/2015	Oppretting av heimel i fysioterapitenesta	Vert behandla i Kommunestyret
2/2015	Revidert samarbeidsavtale om Hallingdal barnevernstteneste	Vert behandla i Kommunestyret
3/2015	Godtgjering av leiar, nestleiar og medlemmer av plan- og byggenemnd frå 1. januar 2015	Vert behandla i Kommunestyret
4/2015	Høyring - overføring av skatteinnkrevjong til Skatteetaten	Vert behandla i Kommunestyret
5/2015	Låneopptak Startlån	Vert behandla i Kommunestyret
6/2015	Søknad om midlar frå legat for ungdom under utdanning	
7/2015	Høyring - NVE si innstilling på E-CO Energi AS sin søknad om løyve til byggjing av Hemsil 3 kraftverk i Gol og Hemsedal	
Februar-møte – 19.2.2015		
8/2015	Administrativ ressurs ny skule i Gol - struktur skole og kultur	Vert behandla i Kommunestyret
9/2015	Søknad på næringsfondet i Gol kommune 2015 - 1. halvår	
10/2015	Gnr. 14, bnr. 349 - Sal av areal til Brenna Eiendom	Leigeavtale skal leggest fram til neste Formannskapsmøte
11/2015	Gnr. 14, bnr. 349 - Sal av areal til Hallingdal Tomteutvikling AS	Leigeavtale skal leggest fram til neste Formannskapsmøte
12/2015	Utsetjing av innsparing ved overføring av klasse frå Herad til Gol skule	Vert behandla i Kommunestyret
Mars-møte – 12.3.2015		
13/2015	Permisjonsreglement - revidering	Vert behandla i Kommunestyret
14/2015	Idrettshall Hallingmo - eierstruktur – anbudsutsending	Vert behandla i Kommunestyret
15/2015	Søknad om midlar frå legat for ungdom under utdanning	
16/2015	Totteskogen rullskianlegg - ny søknad frå Hemsedal IL	Vert behandla i Kommunestyret

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
April-møte – 16.4.2015		
17/2015	iA - avtalen - samarbeidsavtale mellom Arbeids- og velferdsetaten og Gol kommune	
18/2015	Gnr. 3001 bnr. 3 og delar av ngr. 3001 bnr. 1 - fastsetting av pris	Fullmakter og vilkår
19/2015	Søknad om støtte fra næringsfondet - Bedrifter på Golsfjellet og Lydfage AS	Bruk av unytta budsjettmidlar Visit Hallingdal AS og forskottering 2. halvår Næringsfondet
20/2015	Søknad om bruk av Ambjørng og Anders Elbjørgs legat	Overføring av midlar til Gol Helsetun - INNTEKT Gol Helsetun
21/2015	Unntatt offentlig, Offl. § 23, fjerde ledd	Vedtak???
22/2015	Søknad om midlar frå Åste og Halvor Jondalens legat - ny søknad	Utsett til mai-møte
Mai-møte – 7.5.2015		
23/2015	Salg av kommunale formålsbygg	Vert behandla i Kommunestyret
24/2015	Søknad om midlar frå Åste og Halvor Jondalens legat - ny søknad	Vilkår om tidspunkt for utbetaling
25/2015	Søknad om startlån	Vilkår
Juni-møte 1 – 3.6.2015		
26/2015	Administrasjonsstruktur i Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
27/2015	Felles leining for Breidokk og Hallingmo barnehage som ein fast ordning frå august 2015	Vert behandla i Kommunestyret
28/2015	Alternative konsekvensar med bakgrunn i redusert søking på barnehageplassar frå august 2015	
29/2015	Bosetting av flyktningar i 2015	Vert behandla i Kommunestyret
30/2015	Bygg og drift - Gol Byggdrift KF - overføring av prosjekt frå 2014 - 2015	Vert behandla i Kommunestyret
31/2015	Årsmelding 2014 - Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
32/2015	Årsrekneskap 2014 - Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
33/2015	Gol Byggdrift KF - Årsrekneskap 2014	Vert behandla i Kommunestyret
34/2015	Framtidig organisering av kommunelegetenesta med økonomiske konsekvensar	Adm. Må greie ut alt. 2 og 3 innan 1. januar 2016
35/2015	Kjøp / makebytte gnr. 14, bnr. 16	
36/2015	Deltaking i fase 2 av utviklingsprogrammet for byregionar	Budsjettkonsekvensar - 33.000 årleg
Juni-møte 2 – 11.6.2015 (klikk deg inn på aktuell dato)		
37/2015	Alternativ adkomst fra vest til Gol skole	Utsett
38/2015	Kommunestyrets innspel til Buskerud fylkeskommune sitt utkast til Regional plan for kunnskapssamfunnet 2016-20	Vert behandla i Kommunestyret
39/2015	Gnr. 32, bnr. 45 - Søknad om dispensasjon for endring av formål - Guriset	Vert behandla i Kommunestyret
40/2014	Avhending og / eller anna forvaltning av eigedomsmassen i Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
41/2015	Avhending og / eller anna forvaltning av eigedomsmassen i Gol kommune	Utsett
August-møte - 27.8.2015 (klikk deg inn på aktuell dato)		
42/2015	Tertialrapport frå rådmannen - 1. tertial 2015	Vert behandla i Kommunestyret
43/2015	Avhending og / eller anna forvaltning av eigedomsmassen i Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
44/2015	Samarbeidskommune for bygging og drift av fengsel	
45/2015	Søknad på næringsfondet i Gol kommune 2015, 2. halvår	

1. C - Oppfølging av vedtak i utval for kultur og levekår (UKL)

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Frå 2014:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Juni-møtet – 04.05.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
34/2014	Bustader og velferd	Skal vurderast i samband med handlingsplan 2015 - 2018
39/2014	Inneklimatemåling - Gol bibliotek	Til etterretning, oppgaver til Gol Byggdrift KF og styringsgruppe 2 - Hallingmoprojektet
August-møtet – 27.08.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
41/2014	Justering av budsjettet for kjøkkenet Gol helsetun - utviding av faste heimlar	Vert behandla i Kommunestyret
September-møtet – 24.09.2014		
47/2014	Helse- og omsorgsplan i Gol kommune	Vurdering av kommunalsjef, adm. Må arbeide vidare med planen, delprosjekt velferdsteknologi, førebyggjande tiltak og rehabilitering
November-møtet – 5.11.2014		
60/2014	Årsbudsjett 2015, økonomiplan 2015 - 2018 - rammer	Konkrete tiltak, bestilling til administrasjonen innan 1.6 - 1) Framtidig lokalisering av Læringscenteret med økonomiske konsekvensar og 2) Framtidig organisering av kommunelegeteneste med økonomiske konsekvensar

2015:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Januar-møte – 21.1.2015		
1/2015	Ny plan for overgang mellom barnehage og skule i Gol kommunen frå 2015	
2/2015	Oppretting av heimel i fysioterapitenesta	Vert behandla i Kommunestyret
3/2015	Revidert samarbeidsavtale om Hallingdal barnevernsteneste	Vert behandla i Kommunestyret
4/2015	Revidert samarbeidsavtale med Vestre Viken HF og behov for auke i stillingsheimel i jordmortenesta	Mellombels tilsetting 20% jordmorstilling frå 1.1 - 31.12.2015 - Stilling må takast med i budsjett 2016 - finansiert med auka refusjon frå Vestre Viken HF
5/2015	Vegnamn - namneforslag for 21 vegar i Lauvset og Tunnetjern stølslag	Vert behandla i Kommunestyret
Februar-møte – 18.2.2015		
6/2015	Utsetjing av innsparing ved overføring av klasse frå Herad til Gol skule	
7/2015	Administrativ ressurs ny skule i Gol - struktur skule og kultur	Vert behandla i Kommunestyret

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
8/2015	Namn på den nye skulen i Gol	Vedteke namn: Gol skule
9/2015	Vegnamn - namneforslag for 14 vegar i Skutuset stølslag	Vert behandla i Kommunestyret
10/2015	Vegnamn - namnsetting av FV 221 frå Rustebekken til Hatten - ny handsaming	Vert behandla i Kommunestyret
<u>Mars-møte – 3.3.2015</u>		
11/2015	Friluftslivets år 2015 - invitasjon til å bli en Friluftslivets år - kommune	Vert behandla i Kommunestyret
<u>April-møte – 15.4.2015</u>		
12/2015	Søknad om bruk av Ambjørge og Anders Elbjørgs legat	Vert behandla i formannskapet
13/2015	Fastsetjing av gebyr for sal av alkoholhaldig drikk 2015	Vert behandla i Kommunestyret
14/2015	Fastsetjing av gebyr for skjenking av alkoholhaldig drikk 2015	Vert behandla i Kommunestyret
15/2015	Vegnamn - 5 vegar i Lauvsjø og Hjartingstølane	
16/2015	Vegnamn - 3 vegar i Storla - Vermeli stølslag	
17/2015	Vegnamn - 9 vegar i Einarset stølslag	
18/2015	Vegnamn - 5 veglenker i Skrøyvestølane stølslag	
<u>Mai-møte – 6.5.2015</u>		
19/2015	Søknad om salsøyve for alkohol - Torp Dagligvare AS	
20/2015	Gol Kebab Pizza AS - søknad om serveringsøyve	
21/2015	Avtale om helhetlig pasientforløp mellom Gol kommune og Vestre Viken HF	Utarbeide rutinar
<u>Juni-møte – 3.6.2015</u>		
22/2015	Administrasjonsstruktur i Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
23/2015	Bosetting av flyktningar i 2015	Vert behandla i Kommunestyret
24/2015	Status etter hovudopptak for barnehage 2015 - 2016	Vert behandla i Kommunestyret
25/2015	Alternative konsekvensar med bakgrunn i redusert søking på barnehageplassar frå august 2015	Vert behandla i Kommunestyret
26/2015	Felles leiing for Breidokk og Hallingmo barnehage som ein fast ordnig frå august 2015	Vert behandla i Kommunestyret
27/2015	Årsmelding 2014 - Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
28/2015	Framtidig organisering av kommunelegetenesta med økonomiske konsekvensar	Vert behandla i Kommunestyret
29/2015	Tilskot til lokale og regionale organisasjonar 2015	Vert behandla i Kommunestyret
30/2015	Unntatt offentlighet, Offl. § 5 jfr. Fvl § 13, 1. ledd nr. 1	Vert behandla i Kommunestyret
<u>August-møte – 26.8.2015</u>		
31/2015	Tertialrapport fra rådmannen - 1. tertial 2015	Vert behandla i Kommunestyret
32/2015	Gjennomført brukarundersøking i barnehagane i Gol 2015	
33/2015	"Sammen i barnehagen" - plan mot utestenging og mobbing	
34/2015	Likestillingsplan for barnehagane i Hallingdal	
35/2015	Plan for kompetanseutvikling i barnehagane i Hallingdal 2015-2020	
36/2015	Prosjektet Felles løft for tidleg innsats i Hallingdal; rapport steg 2 overgang barnehage - skule, og prosjektplan steg 3 skule	Vert behandla i formannskapet
37/2015	Sal av alkohol valdagen	Vert behandla i Kommunestyret
38/2015	Søknad om skjenkebevilgning og serveringsøyve - Ming Beijing House	Vert behandla i Kommunestyret
39/2015	Vegnamn - vegnr. 2136 - Sagtomta - Sagtunet boligområde	
40/2015	Vegnamn - Vegnr. 3511 - Storla - Vermeli	

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
41/2015	Vegnamn - namneforslag for ein del vegar i Kamben stølslag	
42/2015	Vegnamn - namneforslag for vegar i Guriset stølslag	
43/2015	Kåring av Gol sitt mest attraktive friluftsområde	

1. D - Oppfølging av vedtak i utval for natur og næring (UNN)

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Frå 2014:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
4/2014	Framlegg til beitebruksplan for Gol kommune, høyring	Plan lagt ut til høyring, utvalet skal vurdere høyringsuttaler
14/2014	Detaljplan for deler av Østre Einarset, K1 – 1. gangs behandling	Venter på oppdatert planmateriale frå konsulent
26/2014	Gnr. 12, bnr. 1 - Søknad om dispensasjon for etablering av buening i driftsbygning – Kamben	Administrasjonen må iverksette sak om ulovlighetsoppføring
28/2014	Nystølfjellet AS - Reguleringsendring i Utforming og Utnytingsgrad	Delegert til adm. å kvalitetssikre endringar før offentleg ettersyn
30/2014	Framlegg til Næringsplan i Gol kommune, høyring	Framlegg sendt ut til høyring
Juni-møtet – 03.06.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
32/2014	Gnr. 14, bnr. 373 - Søknad om dispensasjon for bustadprosjekt i Gymnasvegen	Vilkår
36/2014	Hovudplan vassforsyning Gol kommune 2014 – 2023	Lagt ut til offentleg høyring
37/2014	Hovudplan for avløp og vassmiljø - 2014 – 2023	Lagt ut til offentleg høyring
40/2014	Gnr. 12, bnr. 1 - Søknad om uttak av massar, Øvre Åsgardane	Vilkår
41/2014	Gnr. 24, bnr. 23 - Søknad om dispensasjon for uttak av masser, Åsgardane	Vilkår
44/2014	Gnr. 9, bnr. 94 - Søknad om endring av tiltak: garasje Sentrumsvegen 38, klage på vedtak	Sendt over til Fylkesmannen
45/2014	Nystølfjellet AS - reguleringsendring, 2 gangsbehandling og sluttbehandling	Vilkår, jfr. også delegeringsreglementet
53/2014	Gnr. 14, bnr. 67 - Klagesak: Søknad om dispensasjon frå vedtatt områderegulering for Gol Sentrum Vest	Sendt over til Fylkesmannen

2015:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Januar-møte – 20.1.2015		
1/2015	Gnr. 14, bnr. 349 - søknad om etablering av ny personalparkering for Vesterhuset barnehage på del av gnr. 14, bnr. 349	
2/2015	Reguleringsplan - planforslag Hagaskogen - 1. gongsbehandling	Lagt ut til off. ettersyn
3/2015	Alternativ kulvertplassering Tronderudvegen/Hallingmo - Reguleringsendring i samsvar med Pbl § 12-14	
4/2015	Søknad om dispensasjon fra forskrift	
5/2015	Områdegulering av tilleggsareal til gnr. 14, bnr. 453 - behandling etter PBL § 12-14	
Februar-møte – 17.2.2015		
6/2015	Gnr. 13, bnr. 12 - Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom	
7/2015	Skagahøgdi fjellgrend - 2. gangs behandling og sluttbehandling	Er sluttbehandla i kommunestyret, klagefrist ute

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
8/2015	Gnr. 5, bnr. 145 - Spørsmål om riving av forretningsbygg, Eiklesvegen 40	
9/2015	Tilbud om å overta forvaltningsansvar for verneområder	
10/2015	Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Gol	
11/2015	Trafikksikkerhetsplan 2015 - 2018 - Revidering	Kommunedelplan skal leggest ut på offentlig ettersyn. Korrigeret sak blir lagt fram i 2. tertial
12/2015	Gnr. 14, bnr. 67 - Ny behandling av endringssøknad, forretningsbygg Gol sentrum vest	Godkjend med vilkår
13/2015	Reguleringsplan - del av Petterbråten B2 - behandling etter Pbl § 12-3	Godkjend med vilkår
14/2015	Administrativ ressurs ny skule i Gol - struktur skule og kultur	Skal også behandlast i UKL
15/2015	Regulering Hagaskogen boligområde - ber om ny vurdering før offentlig ettersyn	Utlagd på offentlig ettersyn med vilkår
Mars-møte – 10.3.2015		
16/2015	Gnr. 5, bnr. 5 - Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom	Vilkår
17/2015	Gnr. 23, bnr. 32 - Bjødnalie - Søknad om godkjenning av plan for nydyrking	Vilkår
18/2015	Søknad om motorferdsel i utmark - Slarverennet 2015	
April-møte – 14.4.2015 – avlyst		
Mai-møte – 5.5.2015		
19/2015	Gnr. 3, bnr. 27 - Søknad om dispensasjon for oppføring av ny bolig og riving av eksisterande, Liagardsvegen	
20/2015	Reguleringsplan - del av Petterbråten B2 - 2.gangs behandling og sluttbehandling	Vert behandla i Kommunestyret
21/2015	Søknad om nye bomsatsar - vegen Fjellheim - Oset	
22/2015	Gnr. 23, bnr. 92 - søknad om dispensasjon frå reg.plan for Rekkjeset for frådelling av bebygd parsell med utleigehytte	
23/2015	Status planarbeid 2015 - oppdatering pr. 20. april 2015	
24/2015	Mindre reguleringsendring Hallingmo. Utforming av krysningspunkt for mjuke trafikanter	
25/2015	Søknad om rentemidlar frå Jordbruksfondet i Gol - 2015	
26/2015	Gnr. 35, bnr. 26 - søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom	
27/2015	Sislevegen, økonomi og valg av entreprenør	
Juni-møte 1 – 3.6.2015		
28/2015	Mindre endring av reguleringsplan for Auenhauglie stølslag, gnr. 27, bnr. 25, PBL 12-14	
29/2015	Reguleringsplanforslag for Gol Vest næringspark - 1.gongs behandling	
30/2015	Revisjon av reguleringsplan for Isbane på Tisleia - 1 gangsbehandling	
31/2015	Trafikalt tiltak i Søre øygardsveg	
32/2015	Trafikksikkerhetsplan Gol kommune 2015-18 - Sluttbehandling	Vert behandla i Kommunestyret
33/2015	Bygg og drift - Gol Byggdrift KF - overføring av prosjekt frå 2014 - 2015	Vert behandla i Kommunestyret
34/2015	Årsmelding 2014 - Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
35/2015	Administrasjonsstruktur i Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
36/2015	Gnr. 40, bnr. 1, Hodnungseth - Søknad om godkjenning av plan for ny	

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Juni-møte 2 – 15.6.2015		
37/2015	Gnr. 4, bnr. 86 - Søknad om dispensasjon for oppføring av uthus, Nystølfjellet	
38/2015	Alternativ adkomst fra vest til Gol skole	Utsett
39/2015	Gnr. 32, bnr. 45 - Søknad om dispensasjon for endring av formål på gnr.32 bnr45 Guriset i Gol kommune	
40/2015	Reguleringsplan for deler av Storøyne og Pers Resort Ny 2.gangsbehandling og sluttbehandling	
August-møte – 25.8.2015		
41/2015	Gnr. 32, bnr. 45 - Søknad om dispensasjon for frådeling av areal ved Guriset - Ny behandling	
42/2015	Gnr. 10, bnr. 250 - Søknad om dispensasjon for tilbygg til bolighus, Briskevegen 31	
43/2015	Status planarbeid 2015 - oppdatering per 10.august 2015	
44/2015	Gnr. 46, bnr. 139 m.fl. - Søknad om tillatelse til oppføring av kaldtlager, WC-bygg, 2 grillhytter, flytebyggje og omlegging av veg/ p-plass, Auenhauglie	
45/2015	Gnr. 23, bnr. 6 - Søknad om fritak for gebyr i samband med rekvisjon av oppmålingsforretning - Hallingdal folkehøgskule	
46/2015	Tertialrapport fra rådmannen - 1. tertial 2015	Vert behandla i Kommunestyret
47/2015	Søknad om frådeling av bustadtomter frå Skaga, gnr 23 bnr.6, dispensasjon	
48/2015	Gnr. 1, Bnr. 40 - søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom - Skaret	
49/2015	Gnr. 48, bnr. 18 - Søknad om deling etter jordlova - frådeling av tomt	
50/2015	Nye retningslinjer for uttak av torv	
51/2015	Gnr. 37, bnr. 8 - Søknad om konsesjon på erverv av fast eigedom	

2. Fråvær – avvik pr. periodetidspunkt – tiltak

Fråvær er for 2. kvartal (april – juni)

- Mindre enn 4 % fråvær: Ingen særskilte tiltak naudsynleg
- Mellom 4 % og 8 % fråvær: Kommentar naudsynleg
- Meir enn 8 % fråvær: Tiltak må settast i verk – kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn	Avvik/kommentarar
20	Sekretariat, rådmann, skolefagleg rådgjevar samt tenestetorg	-
21	Løn- og personalavd.	-
22	Økonomiavdelinga	-
24	Kommuneplanleggar (ingen tilsette)	-
27	Gol skole	-
29	Gol ungdomskole	- Sjå eige kommentar
30	Læringscenteret Gol	- Sjå eige kommentar
31	Gol barnehage	- Sjå eige kommentar
32	Helseavdelinga	- Sjå eige kommentar
35	Kulturavdelinga	- Sjå eige kommentar
36A	Omsorg – institusjon	- Sjå eige kommentar
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	- Sjå eige kommentar
36C	Omsorg – funksjonshemma	- Sjå eige kommentar
40	Leiar Samfunn og utvikling	-
41	Utbyggingsavdelinga	-
42	Næringsavdelinga	-
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	-
43B	Kommunalteknisk – VAR	- Sjå eige kommentar
44	Bygg og drift	- Sjå eige kommentar
ØVRIGE:		
2410	IKT Hallingdal	- Sjå eige kommentar
8330	NAV Hallingdal (Gol)	- Sjå eige kommentar

Generelt om fråvær

Fråvær kostar pengar og er ressurskrevjande for den som må skaffe vikar og frå avdelingar som må nytte vikar/overtid for å halde seg innafør lovverk og føresetnader sett av Kommunestyret.

Viktig: Reduksjon av sjukefråværet er reduserte utgifter – frå dag 1.

Utfordringane er ressursar til å skaffe vikar, kva for vikar ein nyttar, overtid m.v.


Eit samlebegrep for å kunne kontrollere dette i omsorgssektoren er «ressursstyring», enten i form av gode rutinar eller ved bruk av tilgjengeleg verktøy.

Generelt om fråvær for. 2. kvartal 2015

Det rapporterte totale fråværet pr. 2. kvartal 2015 er 6,4 %, tilsvarende tal for same periode tidlegare år var hhv. 6,4 % (2014), 4,7 % (2013 og 4,9 % (2012).

Korttidsfråværet pr. 2. kvartal er 1,7 % - nokså tilsvarende periode 2014, 2013 og 2012.

Det er store variasjonar mellom avdelingane i kommunen, men også innan avdelingane.

Avvik – nærvær og tiltak

- Avd. 29 – Gol ungdomsskule. Stigande tendens når det gjeld langtidsfråvær, synkende når det gjeld korttidsfråvær. Den tendense fortsetter også utover i tredje kvartal.
- Avd. 30 – Læringscenteret. Marginalt fråvær utover grense for varsling. Ingen spesielle kommentarar. Fråvær er lågare i tredje kvartal.
- Avd. 31 – Gol barnehage. Aktuelle fråvær er kjent og rutinemessige tiltak satt i verk. Fråvær er ikkje arbeidsrelatert. Fråværet i tredje kvartal har ein tydeleg reduksjon.
- Avd. 32 – Helseavdelinga. Fråværet er knytt til langtidssjukemeldinga, avdelinga har gjennomført oppfølgingssamtalar. Fråværet i tredje kvartal aukar urovekkande.
- Avd. 35 – Kulturavdelinga. Marginalt over rapporteringsgrense, fråvær er definert til langtidsfråvær. Fråvær er følgd opp og tilsette er attende i arbeid. Fråværet i tredje kvartal er på berre 1,3 %.
- Avd. 36A – Omsorg - institusjon – totalt 9,6 %
Merkantilt personell – 0 % korttidsfråvær, 0 % langtidsfråvær
Kjøkken – 2,6 % korttidsfråvær, 6,1 % langtidsfråvær
Natt-teneste – 5,0 % korttidsfråvær, 2,0 % langtidsfråvær
Institusjon – 1,9 % korttidsfråvær, 9,2 % langtidsfråvær.

Ikkje arbeidsrelatert fråvær, tett oppfølging og god samhandling med arbeidstakar og lege, bruk av tilretteleggingstilskot frå NAV, sterkt fokus på arbeidsmiljø.

Fråværet i tredje kvartal synar 7,6 % totalt for institusjonstenestene (0,9 % korttidsfråvær).

- Avd. 36B – Omsorg – Helsehjelp i heimen. Høgt totalt fråvær (13,8 %) der 10,8 % skuldast langtidsfråvær. Både korttids- og langtidsfråvær er høgare for 2.dre kvartal enn for tilsvarende kvartal 2012 – 2014.

Tredje kvartal syner 18,4 %.

- Avd. 36C – tenester til funksjonshemma. Ikkje motteke rapport ettersom leiar har slutta. Langtidsfråværet er på 8,3 %. Korttidsfråværet er på 1,6 %. Konstituert leiar vil svare seinare
(Fråværet i tredje kvartal er 14,9 %, 11,9 % er knytt til langtidsfråvær)
- Avd. 43B – Kommunalteknisk avdeling – VAR. Fråvær marginalt over grensa for rapportering. Fråvær er under kontroll og er 0,5 % totalt for tredje kvartal.
- Avd. 44 – Bygg og drift. Samla fråvær er 12,7 %, av dette er langtidsfråvær 11,0 %. Langtidsfråværet skuldast sjukdommar og uhell/skadar som ikkje er relatert til arbeidsmiljøet. I tredje kvartal er fråværet 18,2 %, men berre 1,6 % er korttidsfråvær.

Rådmannen sin konklusjon

Totalt var det eit fråvær 2.dre kvartal på 6,4 %. Av dette var 1,7 % kortsiktig fråvær og 4,7 % langsiktig fråvær. Det er ganske likt tilsvarande tall for 2014, medan langtidsfråværet er høgare enn åra tidlegare.




Tredje kvartal for heile kommunen syner til samanlikning 7,8 % totalt fråvær. Av dette var 1,5 % korttidsfråvær.

























Rådmannen har tidlegare peika på at fråværet for kommunen totalt verkar betydeleg høgare tidleg på året enn resten av året, særleg gjeld dette korttidsfråværet. Ein kan tenke seg at influensa og sesongsjukdomar betyr noko her. Det er eit stort fokus på nærvær hjå alle avdelingar.

Andre tiltak for å følgje opp langtidsfråværet blir sett i verk frå avdelingane i h.h.t. IA-avtala.

3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak

a) Løn korrigert for refusjon sjukeløn

	Under kontroll
	Under kontroll, men med tiltak
	Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn		Avvik/kommentarar
20	Sekretariat, rådmann, skulefagleg rådgjevar samt tenestetorg		-
21	Løn- og personalavd.		-
22	Økonomiavdelinga		-
24	Kommuneplanleggar		-
27	Gol skole		-
29	Gol ungdomskole		- Sjå eige kommentar
30	Læringscenteret Gol		-
